



Lund og Laastad Arkitekter AS
Strandgaten 201
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/33 - 19/10863

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.04.2019

Førebels svar på søknad om endring av tiltak - gbnr 124/26 Kjeilegavlen

Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 124/26
Tiltakshavar: Sijoni Invest AS
Ansvarleg søkjar: Lund og Laastad Arkitekter AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.04.2019. Saka har saksnummer 19/33.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan.	12 veker



